

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

Høyringsuttaling frå Norges Juristforbund behandling av sivile krav etter terrorhandlingane

Innleiing

Dei aller fleste som jobbar med sakshandsaming av valdsoffererstatningssøknadar ved Kontoret for valdsoffererstatning i dag, er juristar. Tolv av desse er medlem i Norges Juristforbund. Denne høyringsuttalinga er skriva av tillitsvalt og varatillitsvalt, i samarbeid med medlemmane ved kontoret.

Frå ståstaden til medlemmane av Noregs Juristforbund ved Kontoret for valdsoffererstatning (Juristforbundet), er det særleg tre endringar som det er ynskjeleg å uttale seg om. Nedanfor fylgjer Juristforbundet sitt syn på desse endringsforslaga: domstolsprøving av forvaltningsvedtak om oppreisning, endring av tidspunkt for fastsetjing av maksimal valdsoffererstatning og endring av valdsoffererstatninga si øvre grense. Ut frå arbeidskvardagen vår, meiner vi at det er desse endringsforslaga som kan få mest å seie for både søkjarar og for arbeidstakarane ved Kontoret for valdsoffererstatning.

Høyringa sitt punkt 5 – Domstolsprøving av oppreisningsutmåling

Departementet føreslår at det skal gjevast åtgang til domstolane til å overprøve Erstatningsnemnda for valdsoffer sine vedtak med omsyn til oppreisningsnivået.

Juristforbundet er i utgangspunktet positivt innstilte til at valdsoffer får fleire prøvingsinstansar for sakane sine. Likevel har Juristforbundet nokre motførestillingar mot forslaget.

Likehandsamingsprinsippet

Ei domstolsprøving vil etter Juristforbundet sitt syn, kunne skade likehandsamingsprinsippet. Ein må her merkje seg at søkjarmassen ved Kontoret for valdsoffererstatning gjerne er samansett av menneske som har fått sine økonomiske ressursar og si psykiske helse sett tilbake på grunn av ei valdshending, eller har levd eit liv under traumatiske tilhøve. Juristforbundet er uroleg for at ei domstolsprøving i realiteten utelukkande vil vera open for ressurssterke søkjarar, og slik setje resurssvake søkjarar i ein dårlegare posisjon.

Lovgjevar grip inn i forvaltningsskjønet

At lovgjevar grip inn i arbeidsfordelinga mellom domstolane og forvaltninga, reiser fleire prinsipielle spørsmål, som departementet sjølve peikar på. Juristforbundet sluttar seg til at det er risikabelt at lovgjevar opnar for at domstolane skal kunne gå inn og overprøve forvaltninga sitt skjøn.

Juristforbundet forstår lovforslaget slik at domstolane vil kunne gjere ei fullstendig vurdering av grunnlaget for valdsoffermyndigheitene si oppreisningsvurdering. Ei vurdering av

omfanget og varigheita av skadane, skadevaldar si skuld og kva handling som er klårt sannsynleggjort, er døme på viktige moment i oppreisningsutmålinga, men er også avgjerande for vurderinga av andre erstatningskrav i saka. Dette inneber at ein lovheimel for domstolane til å overprøve forvaltningsskjønet med omsyn til oppreisningsutmålinga, kan i mange sakar gjere det naudsynt at domstolane tek stilling til ei rekkje andre vilkår i valdsoffererstatningslova, samt valdsoffermyndigheitene sin skjønsbruk knytt opp til desse. Dette kan skape ei uklår rettsstode, med lite førehandsvisse for sækjarar og valdsoffermyndigheiter.

Dersom ein ynskjer at domstolane skal ha prøvingsrett over valdsoffermyndigheitene si oppreisningsvurdering, så kan ei løysing vera å opne for fullstendig overprøving av valdsoffermyndigheitene sine vedtak. Ei slik fullstendig overprøvingsåtgang, vil gje ein klår og enkel regel, som i større mon gjev førehandsvisse til sækjarar og forvaltningsorgan. Om ein går inn for ein slik regel, vil dei prinsipielle spørsmåla som reiser seg, etter Juristforbundet si meining vege tyngre enn det departementet legg til grunn ved noverande forslag.

Høyringa sitt punkt 6 – "Endring av valdsoffererstatning sin øvre grense"

Auke av øvre grense for valdsoffererstatning

Departementet har i høyringsuttalinga føreslått at den øvre grensa for utbetaling av valdsoffererstatning vert auka frå 40 gongar folketrygda sitt grunnbeløp (G), til 60G.

Juristforbundet har ikkje innvendingar mot at valdsoffererstatninga si øvre grense fylgjer samfunnsutviklinga. Dette er viktig for både sækjarar frå 22. juli, men også andre valdsoffer. Dette gjeldt særleg sækjarar som er utsett for mishandling og/eller seksuelle overgrep i barndomen. Mange av dei har fått store skadar, ofte har dei ikkje forsikring der dei kan sækje dekning, og vil dermed ha rett på dekning ut over 40G.

Departementet føreslår å gje den øvre grensa tilbakeverkande kraft til 1. januar 2011. Dette har ikkje blitt gjort tidlegare, då departementet har meint at det ikkje førelåg grunnar til det, sjå Ot. prp. nr. 12 (2008-2009), kap 5.

Juristforbundet kan ikkje sjå at det no føreligg tungtvegande grunnar for å gje den øvre grensa tilbakeverkande kraft. Årsaka er at det også før 1. januar 2011, har vore valdsoffer som er blitt alvorleg skada etter alvorlege valdshandlingar, og som på grunn av dette har blitt varig uføre. Juristforbundet påpeikar at mange valdsoffer har fått sine krav avgrensa av det tidlegare taket på 20G, og at det er sannsynleg at fleire vil rekkje opp i det noverande taket på 40G.

Dersom ein går inn for å gje den øvre grensa tilbakeverkande kraft, meiner Juristforbundet at ein bør gje lovendringa tilbakeverkande kraft til 1. juli 2001, då valdsoffererstatningslova vart gjort gjeldande. Dette vil gje den mest rettferdige og rimelege løysinga, og sikre at flest mogleg valdsoffer får dekka sine reelle tap.

Vedtaksstidspunkt eller skadetidspunkt

Departementet føreslår å knyte valdsoffererstatninga si øvre grense til folketrygda sin grunnsum på vedtakstidspunktet. Dette skil seg frå noverande praksis hjå valdsoffermyndigheitene, som legg skadetidspunktet til grunn.

Juristforbundet set spørsmålsteikn ved å knyte den øvre grensa til vedtakstidspunktet, fordi ein meiner at dette kan verka uheldig for likehandsamingsprinsippet, og for effektiviteten i sakshandsaminga til valdsoffermyndigheitene.


Dersom ein knyt den øvre grensa til vedtakstidspunktet, så vil det vera i søkjar si interesse å søkje om valdsoffererstatning seinast mogleg. Det vil i mange tilfelle vera mogleg å søkje om valdsoffererstatning fleire år etter at det strafflagde tilhøvet opphøyrt, fordi saka ikkje er forelda. Då grunnsommen aukar kvart år, så vil det mest tenelege vera å vente med å søkje, eller å søkje om årleg tilleggserstatning for den nye grunnsommen. Dette vil verke negativt på valdsoffermyndigheitene sin effektivitet, men det vil også opne for forskjellsbehandling av søkjarar.


Det kan potensielt bli stor skilnad mellom søkjarar som søker om valdsoffererstatning med det same, og dokumenterer tapa sine, og dei som velgjer å sende inn årlege tilleggsøknadar. Vidare så vil dette gje ein skilnad mellom søkjarar som fell inn under lovendringa, og dei som ikkje gjer det.

Ved å knyte den øvre grensa til skadetidspunktet, så vil ein gje førehandsvisse til både søkjarar og valdsoffermyndigheitene. Vidare vil søkjarane vera sikra å bli handsama likt med omsyn til kva øvre grense som skal gjelde dei, og andre valdsoffer som vart skada i same periode. Det vil endeleg vera i både søkjarane og valdsoffermyndigheitene si interesse å få sakane avgjort så raskt som mogleg, då den maksimale utbetalinga i kvar sak er fastsett på førehand.

Dei negative verknadane for nokre søkjarar av at eit forvaltningsorgan har lang sakshandsamingstid, kan etter Juristforbundet sitt syn ikkje vege tyngre enn verknadane som gjer seg gjeldande dersom ein knyt den øvre grensa til vedtakstidspunktet.

Vardø, 16. januar 2012


Ingelin Gammersvik
tillitsvalt ved KfV, NJ


Julia Wengert Elvbakken
varatillitsvalt ved KfV, NJ